



Fusa kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Fusa kommune

Vår sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Dykkar ref.:
Vår ref: 2015/99
Vår dato: 24.05.2017

Partsbrev - Årsrekneskap 2016 Fusa kommune, uttale frå kontrollutvalet

Oversender med dette partsbrev frå møte i kontrollutvalet i Fusa kommune 24.05.2017

Det gjeld sak 15/17 Årsrekneskap Fusa kommune 2016, uttale frå kontrollutvalet.

Vidare oppfølging:

Uttalen vert lagt fram for formannskapet 31.05.2017
Uttalen følger rekneskapsaka vidare til kommunestyret

Øvrige merknader frå sekretariatet:

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga frå Deloitte AS er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka via formannskapet til kommunestyret. Revisjonsmeldinga og Revisorbrev har Deloitte AS sendt direkte til kommunen. Tar desse med her for oversikten sin del.

Vedlagt:

Partsbrev sak 15/17 (med fullstendig saksgang)
Uttale til rekneskapen
Revisjonsmelding
Revisjonsbrev

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi til:
Rådmann
Ordførar
Økonomisjef
Utvalseiar
Deloitte AS

Arkivsak: 216
 Arkivnr: 2015/99-32
 Sakshandsamar: Kjartan Haugsnes

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fusa kommune	15/17	24.05.2017

Arsrekneskap 2016 Fusa kommune, uttale frå kontrollutvalet

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Rådmannen si årsmelding skal følgja som sakstifang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er så formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i saka om rekneskapen. Kommunestyret skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

Drøfting:

Årsrekneskapen er lagt fram av rådmannen, og inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar.

Kommunen sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram revisjonsmelding. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 245 145 618,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 4 641 004,-

Revisor har lag fram ei normal revisjonsmelding for Fusa kommune for 2016, trass i at rekneskapen er ferdig revidert ein måned for seint, etter å ha vore levert nesten tre månader etter fristen 15. februar. Revisor omtalar og dette sjølv i revisjonsmeldinga under punktet «Andre tilhøve»

Jamfør rekneskapsforskrifta § 20 skal årsrekneskapen vere framlagd innan 15. februar og årsmeldinga innan 31. mars i året etter rekneskapsåret. Vi hadde på desse tidspunkta ikkje motteke rekneskap og årsmelding for Fusa kommune.

I «Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.» § 5 står det slik:

«Revisor skal avgi revisjonsberetning uten unødig opphold etter at årsregnskapet er avlagt og senest 15. april. Revisjonsberetning skal avgis også der årsregnskap ikke foreligger eller er ufullstendig.»

Revisor har ikkje gjeve forklaring på kvifor dette ikkje er gjort. Revisor og sekretariat for kontrollutvalet mottok årsmelding og rekneskap for Fusa kommune samstundes 04.05.2017 og revisor gjorde ferdig sin revisjon 15.05.2017, jfr. Revisjonsmeldinga. Sekretariatet mottok dokumenta 16.05.2017. Dette er og årsaka til at kontrollutvalet sitt møte måtte flyttast til 24.05.2017

I revisjonsmeldinga for 2014 og 2015 kunne en lese slik i meldinga frå revisor:

«Jamfør rekneskapsforskrifta § 20 skal årsrekneskapen vere framlagd innan 15. februar og årsmeldinga innan 31. mars i året etter rekneskapsåret. Vi hadde på desse tidpunkta ikkje motteke rekneskap og årsmelding for Fusa kommune.»

I revisjonsmeldinga for 2013 uttala revisjonen:

Administrasjonssjefen har ikkje avgjeve årsmelding for Fusa kommune for rekneskapsåret 2013 innan fristen i lova, og vi har følgjeleg ikkje vore i stand til å utføre revisjonen av denne i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk.


Sekretariatet vil med dette gjere merksam på at Fusa kommune ikkje har vore i stand til å levere rekneskap og årsmelding i høve lov og forskrift i 2011,2012, 2013, 2014, 2015 og 2016

Sekretariatet har og motteke kopi av revisjonsrapport nr. 7 frå Deloitte AS til kommunen. Denne revisjonsrapporten inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapssaka i kontrollutvalet. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i kommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte AS gjeve ei rekke tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan betrast. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet oppmodar kommunen om å sette fokus på desse forbedringsområda.

Sekretariatet vil rå til at kontrollutvalet følgjer opp Revisjonsrapport nr. 7 særskilt utover året, og ber administrasjonen kome attende til kontrollutvalet med ein eigen oppfølging av punkta frå revisor.

Av rekneskapen for 2016 har sekretariatet merka seg at netto driftsresultat er positivt med kr. 6 402 000,- dvs. netto resultatgrad på 1,88 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 4,0 % i 2016 (Førebelse tal). Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Dette måtalet frå TBU var på 3,0% tom. rekneskapsåret 2013.

For Fusa kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2012 (-0,90%), 2013 (+1,53%) 2014 (-1,85%) 2015 (+0,74 %) og 2016 (+1,88%) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2016 er noko over tilrådinga frå TBU, men godt under snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Fusa kommune har ei lånegjeld tilsvarande 71,80 % av sum driftsinntekter, altså innafør tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande er disposisjonsfondet på 0,79 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Fusa kommune tilfredsstillande lånegjeld, men den nærmar seg Riksrevisjonen si tilrådde grense. Kommunen har eit driftsresultat på omlag det som er tilrådd av TBU for 2016. Disposisjonsfondet er monaleg lågare enn tilrådd frå Riksrevisjonen.

Sekretariatet merkar seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:

«Det reelle resultatet av drifta i eininga går i balanse, til trass for at auka politisk aktivitet m.a. i samband med kommunereforma har gitt auke i utgiftene langt ut over budsjettet. Innsparingar andre stadar gjer at eininga likevel går i balanse samla sett. Det bokførte resultatet viser eit avvik på kr 1 657 000. Dette skuldast bokføringstekniske val, som ikkje gjeld ansvar 1, i årsavslutninga. Tap på skulesal (kr 1 mill) vart då ført på ansvar 1. Revisjonen krev at vi endrar prinsipp med omsyn til variabel lønn for desember, som tidlegare har vore ført på neste rekneskapsår. Kr 700 000 er belasta ansvar 1 i staden for på dei einingane det høyrer heime.»

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga og eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Dessutan samanheng mellom netto driftsresultat, langsiktig lånegjeld og ubunde disposisjonsfond. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2016. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneleven § 48 nr. 5, som lyder:

«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også

redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og diskrimineringsloven om seksuell orientering.»

Årsmeldinga til Fusa kommune føl kommunelova § 48.5 og sekretariatet vil særleg trekke fram rådmannen sin omtale av likestilling som særns god.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- Rekneskapsmessig mindreforbruk
- Netto driftsresultat
- Ev. låneopptak og ubundne disposisjonsfond
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.
- Ev. andre forhold som har betydning

Konklusjon:

Sekretariatet vil tilrå at kontrollutvalet også i år ber om at rådmannen må syta for at fristar for å leggja fram årsrekneskap og årsmelding for Fusa kommune vert halde i framtida. Dei siste seks åra har rekneskap og årsmelding ikkje vore ferdig i høve frist i lov og forskrift.

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør tilrå at kommunen prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 7 frå Deloitte AS.

Totalt sett har Fusa kommune tilfredsstillande lånegjeld, men den nærmar seg Riksrevisjonen si tilrådde grense. Kommunen har eit driftsresultat på omlag det som er tilrådd av TBU for 2016. Disposisjonsfondet er monaleg lågare enn tilrådd frå Riksrevisjonen.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fusa kommune sin årsrekneskap for 2016.
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen syter for at årsrekneskap og årsmelding for Fusa kommune i framtida er ferdig innan dei fristane som er sett.
3. Kontrollutvalet ber om at Deloitte leverer melding frå revisor innan den fastsette fristen.
4. Kontrollutvalet ber rådmannen om å sette fokus på betring slik det kjem fram av revisjonsrapport nr. 7, 2017 frå Deloitte.
5. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i møte i utvalet 31.08.2017 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 7 frå Deloitte AS.

Saksprotokoll I Kontrollutvalet i Fusa kommune - 24.05.2017

Handsaming i møtet:

Økonomisjef i Fusa kommune Jarl Ottmar Reinsnes orienterte utvalet og svarte på spørsmål. Det vart og utdelt kommunebarometer 2016 for Fusa kommune, notat vedrørande «Vederlagsfri overdragelse av anleggsmidler» samt oversikt over avskrivning gjeldande Strandvik skule.

Partner Bjame Ryland orienterte om revisjonsmelding og Revisjonsrapport nr. 7 2017 og arbeidet med Fusa kommune sitt rekneskap for 2016.

Sekretariatet orienterte kort om saksframlegg og forslag til uttale.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fusa kommune sin årsrekneskap for 2016.
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen syter for at årsrekneskap og årsmelding for Fusa kommune i framtida er ferdig innan dei fristane som er sett.
3. Kontrollutvalet ber om at Deloitte leverer melding frå revisor innan den fastsette fristen.
4. Kontrollutvalet ber rådmannen om å sette fokus på betring slik det kjem fram av revisjonsrapport nr. 7. 2017 frå Deloitte.
5. Kontrollutvalet ber rådmannen kome i møte i utvalet 31.08.2017 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 7 frå Deloitte AS.
6. I kontrollutvalet sitt møte 31.08.2017 vert og rådmannen bede om å skissere kva tiltak som vert sett i verk for at rekneskap og årsmelding vert levert innan frist i 2018.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Kjartan Haugsnes
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



TIL FUSA KOMMUNE V/ KOMMUNESTYRET.

ÅRSREKNESKAPEN 2016 FOR FUSA KOMMUNE, UTTALE FRA KONTROLLUTVALET.

Kontrollutvalet har i møte 24.05.2017 handsama Fusa kommune sin årsrekneskap for 2016.

Representantar frå administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål.

Av rekneskapen for 2016 har sekretariatet merka seg at netto driftsresultat er positivt med kr. 6 402 000,- dvs. netto resultatgrad på 1,88 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 4,0 % i 2016 (Førebelse tal). Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Fusa kommune har ei lånegjeld tilsvarande 71,80 % av sum driftsinntekter, altså innafor tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande er disposisjonsfondet på 0,79 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Fusa kommune tilfredsstillande lånegjeld og eit driftsresultat på omlag det som er tilrådd av TBU for 2016. Disposisjonsfondet og monaleg lågare enn tilrådd frå Riksrevisjonen.

Kontrollutvalet merkar seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:

«Det reelle resultatet av drifta i eininga går i balanse, til trass for at auka politisk aktivitet m.a. i samband med kommunereforma har gitt auke i utgiftene langt ut over budsjettet. Innsparingar andre stadar gjer at eininga likevel går i balanse samla sett. Det bokførte resultatet viser eit avvik på kr 1 657 000. Dette skuldast bokføringstekniske val, som ikkje gjeld ansvar 1, i årsavslutninga. Tap på skulesal (kr 1 mill) vart då ført på ansvar 1. Revisjonen krev at vi endrar prinsipp med omsyn til variabel lønn for desember, som tidlegare har vore ført på neste rekneskapsår. Kr 700 000 er belasta ansvar 1 i staden for på dei einingane det høyrer heime.»

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5 der det m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll», «etikk» og «likestilling» skal omtalast. I dette ligg det eit krav til å orientera i årsmeldinga om rådmannen sin internkontroll. Årsmeldinga til Fusa kommune følj kommunelova § 48.5 og sekretariatet vil særleg trekke fram rådmannen sin omtale av likestilling som særst god.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, eventuelle

revisjonsrapportar og nummererte brev. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Jamfør rekneskapsforskrifta § 20 må årsrekneskapen vere framlagd innan 15. februar og årsmeldinga innan 31. mars i året etter rekneskapsåret.
- Kontrollutvalet ber også i år om at rådmannen må syta for at fristar for å leggja fram årsrekneskap og årsmelding for Fusa kommune vert halde i framtida. Dei siste seks åra har rekneskap og årsmelding ikkje vore ferdig i høve frist i lov og forskrift.
- Kontrollutvalet tilrår at kommunen prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 7 frå Deloitte AS.
- Lånegjelda ligg innanfor Riksrevisjonen si tilråding, netto driftsresultat er godt under det som er tilrådd av TBU, medan disposisjonsfond også er lågare for Fusa kommune enn tilrådd frå Riksrevisjonen.

Ut over det som nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka samt revisjonsmeldinga av 15.05.2017 og revisjonsrapport nr. 7 dagsett 15.05.2017 har kontrollutvalet ikkje merknader til Fusa kommune sin årsrekneskap for 2016.

Fusa, 24.05.2017

Bergfrid Norheim
Nestleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Kopi: Fusa kommune, formannskapet

Til kommunestyret i Fusa kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Fusa kommune som viser kr 245.145.618 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4.641.004. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhalde dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsrapport, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og administrasjonssjefen mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynt etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsikk i Noreg.

Andre tilhøve

Jamfør rekneskapsforskrifta § 20 skal årsrekneskapen vere framlagd innan 15. februar og årsmeldinga innan 31. mars i året etter rekneskapsåret. Vi hadde på desse tidspunkta ikkje motteke rekneskap og årsmelding for Fusa kommune.

Bergen, 15. mai 2017
Deloitte AS



Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet
Rådmannen

Fusa kommune
Att.: Rådmann Elisabeth Farstad
Postboks 24

5649 EIKELANDSOSEN

Revisjonsrapport nr. 7
(journalføres)

15. mai 2017

REVISJONSRAPPORT 2016

1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2016. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i kommunen.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å avgje vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjonen og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner kommunen si leing bør vere merksame på. Vi vil presisere at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablere og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

2 Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

3 Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekkja tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

4 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stor grad vore retta mot å verifisere balansepostane pr. 31.12.2016. Vi har lagt vekt på å kontrollere at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte tilhøve nedanfor.

4.1 Sjølvkost

Kommunen har fleire sjølvkostområde med oppsparte fondsmidlar. Overskot frå sjølvkosttenester bør brukast innanfor eit 3-5-års perspektiv. Eit av hovudomsyna bak sjølvkostprinsippet er at brukarane av sjølvkosttenester i dag ikkje skal subsidiere bruken til andre generasjonar. Det er difor uheldig med stor fondsoppbygging.

For områda med fond har kommunen prognosar for dei komande åra som viser nedbygging av fonda. For området slam viser prognose at kommunen i 2021 framleis vil ha eit større fond og vi gjer kommunen merksam på at dette ikkje er fullt ut i tråd med generasjonsprinsippet.

Vi tilrår at kommunen sikrar at overskot frå sjølvkosttenester ikkje blir ført fram utover eit 3-5-års perspektiv.

4.2 Bruk av interimskontoar

Kommunen nyttar i sin rekneskap såkalla interimskontoar. Dei blir nytta til føringar knytt til periodisering på bank- og fondskontoar og gjeld i hovudsak inn- og utbetalingar gjort etter årsskiftet som gjeld rekneskapsåret. Det kan stillast spørsmål om ein slik bruk av interimskontoar gir ei korrekt klassifisering av andre kortsiktige fordringar og anna kortsiktig gjeld. Det er nytta slike kontoar i større grad i 2016 enn i 2015, og vi ber kommunen gjennomgå bruken av interimskontoar frå 2017.

4.3 Mangelfullt anleggsregister

Ved kontroll av anleggsmidlar vart det avdekka manglar knytt til anleggsregisteret. Det manglar blant anna opplysningar om kostpris og levetid for fleire av anleggsmidla. Vi tilrår kommunen å utarbeide eit fullstendig anleggsregister i 2017.

4.4 Periodisering av utgifter

I samband med kontroll av om utgifter bokført i 2017 skulle ha vore bokført i årsrekneskapen i 2016 vart det oppdaga ein post på kr 518.000 som gjaldt 2016, og som kommunen ikkje hadde avsett for i rekneskapen for 2016. Etter å ha blitt merksame på posten, endra kommunen rekneskapen slik at dei kom med i investeringsrekneskapen i 2016.

Vi tilrår kommunen å sjå til at rutinen er god nok slik at utgifter kjem med på rett år sjølv om faktura blir motteke året etter.

4.5 Avstemming av balansekontoar

Balansekontoar av vesentleg betydning skal avstemmast, jf. bokføringsforskriften. Kommunen har utarbeidd avstemming for ein del av postane i balanserekneskapen, men har ikkje avstemt alle vesentlege postar. Til dømes gjeld dette interimskontoar. Vi tilrår kommunen å få på plass avstemmingar av alle vesentlege balansekontoar i 2017.

4.6 Sal av skulebygg

I samband med at det er gjennomført sal av to skulebygg i 2016, Holdhus og Strandvik skule, er det henta inn takstar som tilseier at marknadsværdien er høgare enn avtalt pris. Ifylgje god kommunal rekneskapskikk for slike høve skal transaksjonen dekomponerast i ein salstransaksjon og ein tilskotstransaksjon. Skilnaden mellom verkeleg verdi og avtalt pris blir behandla som eit tilskot som skal utgiftsførast i driftsrekneskapen. Kommunen har vurdert at tilskotet har ein verdi på 1 million kroner. I investeringsrekneskapen er tilskotet inntektsført i tillegg til avtalt kjøpesum, i strid med god kommunal rekneskapskikk. Rekneskapsføring av skulesalet er fleire gonger diskutert med administrasjonen.

Vi gjer merksam på at dette ikkje fører til vesentlege feil i rekneskapen.

4.7 Periodisering av løn

Variabel løn som er utbetalt i 2016 og påløpt i 2015 utgjer kr 1.689.033. Variabel løn som er utbetalt i 2017 og påløpt i 2016 utgjer kr 2.340.931. Det er gjort ein avsetnad i rekneskapen for 2016 på kr 700.000. Kommunen opplyser om at avsetnaden vil auke jamt dei neste to åra.

4.8 Noteopplysningar

I samsvar med god kommunal rekneskapskikk bør det for kvar gruppe av anleggsmidlar opplysast om anskaffingskost, tilgang og avgang, nedskrivningar i året og samla av- og nedskrivningar, balanseført verdi og avskrivningstid. Rekneskapen for 2016 inneheld ikkje noteopplysningar knytt til anleggsmidlar.

I samsvar med god kommunal rekneskapskikk bør det for langsiktig gjeld mellom anna opplysast om resterande løpetid og rentevilkår.

Vi tilrår kommunen å ta desse opplysningane med i notane for 2017.

5 Andre tilhøve

5.1 Intern kontroll og rutinar

Under vår gjennomgang av kommunen sin interne kontroll er det avdekket at kommunen har sine rutinar skriftleg, men at desse ikkje er oppdaterte. Dokumentasjon av oppdaterte og korrekte rutinar er viktig mellom anna for å sikre at aktivitetar blir gjennomført effektivt, i samsvar med interne retningslinjer og på ein trygg måte. Manglande korrekt skriftleg dokumentasjon aukar risikoen for feil i rekneskapskapen og at kommunen kan miste inntekter dei har krav på. Revisjonen vert og meir tidkrevjande som følgje av manglande oppdatert dokumentasjon av rutinar og fullmaktstilhøve. Vi viser til rapport nr. 6 for rekneskapsåret 2015 der dette og blei teke opp. Vi vil tilrå kommunen å prioritere arbeidet med å oppdatere sine rutinar i 2017.

5.2 Intern kontroll og rutinar ved lønskøyring og lønsutbetaling

Ved gjennomgang av kommunen sine rutinar ved lønskøyring og lønsutbetaling har vi avdekket at dei som jobbar på lønsavdelinga gjennomfører både lønskøyring, remittering samt godkjenning av lønsutbetaling i bank. Dette er manglande arbeidsdeling og aukar risikoen for feil i rekneskapskapen. Vi vil tilrå kommunen å gjennomgå sine rutinar for lønskøyring og lønsutbetaling i 2017.

5.3 Intern kontroll og tilgang til lønssystem

Ved gjennomgang av kven som hadde tilgang til lønssystem, vart det avdekket at det er fleire som har tilgang enn det som er naudsynt. Blant anna er det gitt tilgang til tilsette som ikkje er knytt til økonomiavdelinga. Vi tilrår difor kommunen til å gå gjennom tilgangar knytt til lønssystemet.

5.4 Intern kontroll og rutinar ved avstemming av løn

Ein viktig del av rutinane knytt til løn er å avstemme tal frå lønssystemet mot rekneskapsystemet. Vi tilrår at denne avstemminga blir utført av lønsavdelinga og ikkje av økonomiavdelinga då det er lønsavdelinga som har best kjennskap til desse tala.

5.5 Intern kontroll og rutinar ved bankutbetalingar

Ved gjennomgang av rutinar knytt til bankutbetalingar og bankfullmakter, vart det avdekket at det føreligg ein fullmakt knytt til bank. Dette inneber at enkeltpersonar kan utføre utbetalingar frå bank. Vi tilrår kommunen å gå gjennom bankfullmakter og sikre rutinar knytt til dette, slik at det ikkje er mogeleg for enkeltpersonar å gjere utbetalingar.

5.6 Avslutning av rekneskapskapen

Budsjettala for overføring frå driftsrekneskapskap til investeringsrekneskapskap samsvarer ikkje. I driftsrekneskapskapen er beløpet kr 843.000, og i investeringsrekneskapskapen kr 850.000.

Bruk av mindreforbruk i 2016 framkjem ikkje i hovudoversikt i driftsbudsjettet for 2017.

I investeringsrekneskapskapen skal ein auke overføring frå drift inntil budsjettert beløp dersom driftsrekneskapskapen tillet dette. Det er overført kr 0, noko som heller ikkje samsvarer med budsjett. Driftsrekneskapskapen har mindreforbruk, og det ser difor ut til å være rom for å overføre noko til investering.

I investeringsrekneskapskapen er det nytta kr 841.000 av avsetningar som det ikkje er budsjettert for.

5.7 Fristar for å leggje fram årsrekneskapskap

Årsrekneskapskapen skal leggjast fram seinast 15. februar året etter rekneskapsåret og årsmeldinga skal leggjast fram seinast 31. mars. Desse fristane blei ikkje overhaldne for årsrekneskapskapen 2016, og vil bli omtala i vår revisjonsmelding.

6 Avslutning

Som nemnd i avsnitta ovanfor vil for seint avlagt årsrekneskap og årsmelding bli omtala i vår fråsegn.

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet